



Lærer Matthias Zimmermann (lengst til høgre) med dei fem elevane som drar til Hellas. Frå venstre står Kristin Eskelamd, Tonje Skåla, Ingeborg Haugland Lunde, Erik Rowe og Aleksander Rebaudo. (Foto: Grenda)

**Laurdag ettermiddag reiser Uskedal-elevane Aleksander Rebaudo og Ingeborg Haugland Lunde til Hellas på eit vekesopphald og med i bagasjen har dei ein soldreven bil og kunnskap om resirkulering.**

Delegasjonen frå ungdomsskulen i Rosendal består av fem elevar og fire lærarar og reisa inngår i Comenius-programmet til EU. Dette prosjektet er eit samarbeid mellom Noreg, Hellas og Tyrkia. Deltakinga kostar ingenting korkje frå elevar eller skule – EU dekkjer heile rekninga.

Men elevane har lagt ned ein stor ekstrainnsats på førehand. Mellom anna har det vore ei spørjeundersøking på skulen og de tyrkiske og greske elevane har svara på dei same spørsmåla.

Føremålet er å auka miljømedvitet hos elevane. Dei tre jentene i gruppa skal førelesa om resirkulering, ENØK og energiproduksjon i Noreg. Fornybar energi vil ikkje minst bli ofra merksemd. Gutane skal visa korleis ei soldriven brenselcelle verkar – konkret korleis lys vert omdanne til drivstoff for ein bil, melder Grenda.

Av Ola Matti Mathisen